



DEN NORSKE KYRKJA

Arna sokneråd
Org.nr. 976 994 418
P.b. 64 Arna, 5888 Bergen

Det kongelege kulturdepartement

7. juni 2013

NOU 2013:1 Det livssynsopne samfunn Høyringsvar frå Arna sokneråd

Arna sokneråd slutter seg til høyringsvaret frå Bergen kirkelige fellesråd, men ønskjer å legge til/understreka nokre punkt:

Utvalet sine prinsipp for et livssynsopne samfunn

Det leggst aktivt til rette for alle borgarar sin trus- og livssynspraksis.

Likebehandling: Staten bør arbeide for at einkvar borgar får - i prinsipp og i rimeleg praksis - same grad av støtte til sin trus- og livssynspraksis.

Alle bør akseptere å bli eksponert for andre sin trus- og livssynspraksis i det offentlege rom.

Den norske kyrkja som samfunnsaktør

Samstundes må ein ikkje gløyme Den norske kyrkja sin store plass i det norske samfunnet gjennom historia. Den norske kyrkja sitt diakonale og sosiale engasjement står i ei særstilling. Ein må sjå verdien i alt ulønna arbeid i Den norske kyrkja i tidlegare tider og fram til i dag. Den norske kyrkja må anerkjennast som kulturberar. Kyrkjebygga har ein framtrede plass i bygd og by. Kyrkja har vore ein viktig arena for ulike kunst- og kulturuttrykk. Alt dette er verdiar ein må ta med vidare. Den norske kyrkja må og i framtida ha ein særstilling som folkekyrkje og viktig samfunnsaktør.

I Arna kyrkjelyd er om lag 80 % av bygdas innbyggjarar medlem i Den norske kyrkja. Som kyrkjelyd opplever vi å ha ein viktig posisjon for ein stor del av innbyggjarane.

Gravferdforvaltninga

På bakgrunn av den kompetanse og kultur som er opparbeida er Den norske kyrkja godt skikka til å ha ansvar for gravferdsforvaltninga i Norge. Vi anbefaler at denne ordninga vidareførast.

Høyringsvaret frå Arna sokneråd vart vedteke i møte 6. juni 2013.

(S.)
Johanne Drageide
soknerådsleiar

M.W.Fanebust
Marianne Wallem Fanebust
administrasjonsleiar